

# KONTAKT

KYRKJEBLADET FOR MELAND · NR. 01/17 · 27. ÅRGANG



s. 6-7

På vandring  
sammen

s. 3

Kort om folk

Ruben Sæle er ny diakon i Meland.

s. 8

Formidlar tru  
gjennom leik

Trusopplærar Antje Michelau-Meyn

s. 12

Påsketankar

«Har du virkelig ikke hørt  
det?»

s. 13

Songglede for dei  
aller minste

Babysong på Frekhaug torg

# Ny kontakt

Bladet du no held i hendene er ganske annleis enn nummeret du fekk i postkassa sist. Den største endringa med Kontakt er at det vil få nokre sider felles med dei to blada som kjem ut i Alversund, Seim og Lygra og i Osterfjorden og Modalen. I dei to blada blir det også stoff frå Meland. Anne Sofie Nergård Uthaug, kyrkjeverje i Meland, går inn i redaksjonen for ein periode.

- Eg ser svært positivt på at me no får eit nytt og større kyrkjelydsblad. Me vil få god plass til stoff frå Meland og vil samstundes få glede av stoff frå områda sør i Lindås kommune og frå Modalen. Når dei tre blada slår ressursane sine sammen, ser me at det blir mykje meir å spele på. Eg trur og håpar dette skal bli ein god veg vidare for Kontakt, seier ho.

Dei første og siste sidene i bladet kjem kun ut i vårt område. Det betyr til dømes at oversikta over døypte, vigde og døde i sokna våre berre blir å lese i den lokalen delen.

Ei anna viktig endring er formatet. Storleiken som no er valgt, gjer det mykje lettare å lage eit innbydande blad. Det vesle formatet gav mindre spelerom.

For nokre av annonsørane våre vil det vere interessant å bli plassert i felles-delen av bladet og nå meir enn 7000 husstandar. For andre annonsørar vil det vere meir aktuelt å vere i den lokale delen.

Det vil framleis vere ein lokal redaksjon som tar seg av stoff som skal i den lokale delen. For kvart blad møter to til tre frå den lokale redaksjonen i ein felles redaksjon med dei to andre blada.

Me vonar du vil setje pris på den nye utgåva av Kontakt, som er det første av fire årlege nummer.



Johanna Hundvin Almelid



Anne Sofie Nergård Uthaug

## NY REDAKTØR

Kontakt har fått Johanna Hundvin Almelid med som redaktør i startfasen. Det er ei større oppgåve å leie det nye kyrkjelydsbladet enn det gamle. Almelid er til dagleg journalist i avis Dagen. I tillegg har ho altså tatt på seg oppgåva med å redigere og leie oppstarten av nytt blad.

- Det er eit spennande oppgåve me har tatt på oss med å lage eit nytt blad for kyrkjelydane i Meland, Alversund-området og innover langs Osterfjorden og til Modalen. Med den erfaring eg har, trur eg at eg har noko å bidra med, seier ho. Redaksjonen er svært tilfreds med å ha fått med Johanna Hundvin Almelid som redaktør.

## FRIVILLIG ABONNEMENT

Finansieringa av Kontakt vil vere som før. I tillegg til støtteannonser, er frivillige abonnement eller gåver berebjelken. Redaksjonen vonar at du som lesar finn dette bladet interessant og vil nytte vedlagte blankett.



for alle med sans for lavpris  
FREKHAUG SENTER  
Åningstider: Man.-fred. 9.00-22.00  
Lør. 9.00 - 20.00

**MAKS**  
MELAND ARBEIDS- OG KOMPETANSESENTER AS  
-ei Vekst bedrift



FREKHAUG SENTER  
tlf.: 56 17 60 00

**SAGSTAD**  
KASSEFABRIKK  
sagstad@kasselfabrikken.no  
56 17 76 42

Hvordan har du det.... **EGENTLIG?**

Kristetelefon 22 40 00 40  
Epost-tjeneste: www.kirkens-sos.no



ET Menneske å prate med når livet er verst



Vatne Begravelsesbyrå as  
Kvassnesveien 11 - 5914 Isdalstø  
Ordner alt ved gravferd og kremasjoner i distriket og byen  
Tlf. 56 35 09 10 - 56 35 16 61

Gravstein i alle utførelser  
fra enkle og grove til  
høipolerete.  
**Tilbehør** til gravstedet  
**Tilførsler** av navn  
**Oppussing** vask, stell  
**Rehabilitering** reperasjon  
[www.eikner.no](http://www.eikner.no)

**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN

Lokal representant  
**Rune Hjermann**  
Kyrkjesundsvegen 81, Holsnøy  
Mob 91163120

**Åsane Stein**  
MINNETAVLER OG GRAVMONUMENTER

Gravminner • Tilføyelser og service

Tlf: 55 95 35 95 • E-post: post@asane-stein.no  
Liamyrene 6, 5132 Nyborg  
[www.asane-stein.no](http://www.asane-stein.no)



# Kort om folk

Tekst: Arve Kjell Uthaug og Maria Sæle

Foto: Arve Kjell Uthaug

For første gong i historia: Meland har fått diakon. Ruben Sæle vart vigsla på gudstenesta i Melandkyrkja 22. januar. Få kjenner dei seinare års konfirmantkull som Ruben. Han har vore ungdomsarbeidar i kyrkjelyden sidan 2008.

Hausten 2015 fullførte han diakonutdanninga, og no går han over frå å vera ungdomsarbeidar til å bli diakon i Meland, ein som skal praktisera evangeliet gjennom å gje hjelpe og omsorg til menneske. Ruben skal vera ein diakon med ungdomsfokus.

Under vigslina deltok Biskop Halvor Nordhaug, biskop i Bjørgvin. Biletet viser sokneprest Torbjørn Aamli (t.v.) og biskop Halvor Nordhaug som er med og bed for den ferske diakonen, i det han kneler ved altarringen i Melandkyrkja.

Same sundag som Ruben vart vigsla til diakon, hadde undervisningsprest Steinar Sneås Skauge si siste gudsteneste i Melandkyrkja. Her vert Steinar takka av Løva frå Løvegjenget (sundagsskulen i kyrkja) med ei rose og eit sjølvskrive kort.

Etter ei flott gudsteneste var det duka for utvida kyrkjekaffi i Nordgardsløa på Frekhaug. Her var helsingane mange og

kakene gode!

Steinar har vore tilsett i Meland kyrkjelyd sidan sommaren 2009 og har blant anna drive konfirmantarbeidet ilag med Ruben. Steinar har preika med snert og humor og vist at han er særskilt kunnskapsrik.

Steinar arbeider no som teologisk rådgjevar for biskopen i Nord-Hålogaland og har busett seg i Tromsø i lag med kona Marianne og dei to gutane deira.



# Fasteaksjonen

Tekst: Ruben Sæle,  
Diakon i Meland kyrkjelyd

– Vatnet smakar mykje betre, og kleda er mykje reinare enn før, seier Richard Wilson, før han tek ein ny slurk av vatnet frå landsbyens nye brønn. No er livet enklare, friskare og meir morosamt for Wilson.

Før kunne Wilson bruke mange timer på å hente vatn til familien. Køen ved brønnen kunne vere lang, og for kvart minutt med venting, vart det eit minutt mindre med fotballspeling saman med venene. For ein 13 år gammal gut er det hardt å akseptere.

Men vatn må familien til Wilson ha, og å skaffe vatnet er hans ansvar. Det er eit tungt ansvar, bokstaveleg talt. Fire kanner med vatn skal fraktast frå brønnen og heim, og når kannene er fulle, er vekta på 80 kilo. Det er god trim for ein 13-åring, kanskje litt for mykje av det gode, tenkjer mange. Men vatn må familien ha.

Den gode nyheita er altså at det nyleg har skjedd endringar i landsbyen Ikonda, der Wilson bur. I landsbyen har fleire brønnbyggjarar fått opplæring, og ein ny brønn er på plass.

Den har gjort køen ved brønnen kortare og vatnet reina-re. Sjukdomar som diaré og urinveisinfeksjon er også langt sjeldnare enn før.

Det er i år 50. gong at Kirkens Nødhjelp gjennomfører Fasteaksjonen. I 50 år har altså kyrkjelyder over heile landet bidrige til at millionar av menneske har fått den hjelpa dei har rett på. Reint vatn og tilgang på mat er ein rett alle menneske har, og Kirkens Nødhjelp kan aldri få gje nok takk til dei som har støtta aksjonen trufast alle desse åra.

Søndag 2. april kjem konfirmantar og andre frivillige på dørene i Meland for å samle inn pengar.

Nytt av året er at vi skal samarbeide med Tentro, det frikyrkjelege konfirmasjonsopplegget i Nordhordland, om Fasteaksjonen. Vi er veldig glade for å kunne samarbeide for at flest mogeleg skal få tilgang på rent vatn. Dette er kristen nestekjærleik i praksis! Ta godt imot bøssekærarane!



# Benkeslitaren

Tekst/foto: Maria Sæle

*Solveig Elise Camilla Fosse Skeie,  
bur på Fosse i Meland*

– Kva for kyrkje går du i?

– Meland kyrkje

– Kor lenge har du vore aktiv i kyrkjelyden?

– Eg vaks opp i kyrkja og på bedehuset, så eg har vore aktiv heile livet.

– Kva set du mest pris på ved Meland kyrkjelyd?

– At me er ulike, men at me kan kome saman og trivast ilag likevel. Eg likar at eg kan ta med borna mine i kyrkja og at dei kan få vera seg sjølve og kjenne seg heime der utan at nokon hysjar på dei eller rynker på nasa når dei klatrar i benkane. Eg set pris på at eg kan få vere meg sjølv og bruke dei gåvene eg har fått. Eg er og glad for at me kan gi kvarandre konstruktive tilbakemeldingar og bakke kvarandre opp!

– Når kjem du til gudstenesta?

– Eg plar kome litt før gudstenesta, gjerne 5-10 minutt før. Med tre ungar som skal ut av huset må me rekne god tid, og då tek me som regel litt hardt i. Om me er alt for tidlig ute, plar me køyre til Troppå gard og kjøpe egg, eller ta ein ekstra runde rundt Dalevatnet.

– Kvar i kyrkja sit du?

– Me er veldig glade i å ha golvlass; me sit vanlegvis heilt bak eller i sidebenken, slik at ungane har litt plass. Eg er òg glad i å sitje der det er tilrettelagt for rullestol. Der er det ikkje varme ovnar under benkane som borna kan brenne seg på.

– Kan du skildre kyrkja med tre ord?

– Varm, opa og aktiv.

– Kva for salme syng du gjerne for tida?

– Det går helst i barnesongar. "Kjære Gud, eg har det godt" syng me kvar kveld. Men eg har endra litt på teksten, slik at vi syng "takk at du går aldri frå meg" i staden for "kjære Gud, gå aldri frå meg." Vi ber òg "Kjære Gud Fader i himmelenes slott", men der måtte vi og endre teksten ei stund, fordi eldstemann ikkje likte at Gud blei slått i himmelen. Elles syng vi mykje i husgruppa vår, der er nok favoritten "Lovsyng vår Herre". Den finaste salmen eg veit å lytte til akkurat no er nok Ingebjørg Bratland sin versjon av "Kom Jesus, lys din fred på jord". Den trengs visst i denne verda!

– Kva skulle du ynskje at kyrkja gjorde meir av?

– At vi gjorde fleire sosiale ting i lag, til dømes turar og sosiale arrangement som gjer at me vert endå betre kjende med

kvarandre. Kanskje slike ting blir lettare i ei ny kyrkje, der det gjerne vert mogleg å vere saman utan å berre sitje og sjå kvarandre i nakken.

– Kva er det som kjenneteiknar ein god kyrkjekaffi?

– Det må vere der eg får snakka med mange ulike folk, gjerne helse på nokre nye eller nokon som ikkje plar stoppe igjen etter gudstenesta. Ein god kyrkjekaffi tilbyr òg gjerne eit stykke brownie eller ein bolle! Kanskje vi av og til kunne hatt sånn "kyrkjekaffi i heimen" der me vart med kvarandre heim og tok kyrkjekaffen der? Eg er med!



Solveig Fosse Skeie saman med ektemann Brigt Roar Skeie og to av borna Oskar og Elise Mathilde.



Idar og Bjørg har gått i Melandkyrkja i 36 år og har tenkt å bli der. – Vi opplever stor trivsel og godt felleskap. Vi er med i en husgruppe som gir oss mye.

# På vandring sammen

Tekst: Steinar Dale Wessman

Foto: Arve Kjell Uthaug

Når stegene blir usikre og tunge, er det godt å vite at vi har en som holder oss fast, sier Idar Simonsen.

Han er aktuell med boken «Faste steg», en vandring gjennom fastetiden og påskeuken.

Nede ved sjøen, med nydelig utsikt utover Nordhordlandsbroen og fjellene bak, inviterer Idar og kona Bjørg Simonsen inn i et varmt og åpent hjem. Hun er en betydelig støttespiller og bidragsyter.

De gode historiene og anekdotene krydrer samtalen. Det er ingen tvil om at dette er to kunnskapsrike og engasjerte mennesker. Kjærligheten mellom dem er tydelig og de gir hverandre stadige blikk av godhet. De er ett, i livet og i arbeidet etter å ha vært gift i 46 år.

## REISELEDER

Mens Bjørg for det meste har arbeidet som sykepleier, har Idar vært både sykehospes, menighetsprest i Alversund og lærer på Nordhordland folkehøgskole. De siste årene av sitt yrkesaktive liv var han institusjonsprest på Bergen Røde Kors Sykehjem. Han har også vært reiseleder til Israel over 30 ganger.

De senere årene har Bjørg utviklet hobbyen sin. Hun har et stort engasjement for kunst og lager mange flotte bilde-motiv med inspirasjon fra Bibelen.

## EN DRØM

– Hvorfor skrev du boken, Idar?

– Det er en drøm som går i oppfyllelse. For en tid tilbake hadde jeg ansvaret for dagene i april i en andaktsbok som heter Boker Tov, som betyr «god morgen» på hebraisk. Mange av tekstene der handler om fastetiden og påsketiden. Jeg har alltid skrevet ned andakter og taler jeg har holdt, og kunne tenke meg å dele dem med flere. Basis i tekstene er opplevelser fra Israel, som jeg håper kan gi inspirasjon for andre til å reise dit.

Bjørg har lest alle tekstene i boka. Hun har lest korrektur, men først og fremst gitt innspill på om de er lesverdige. Hun sier at hvis hun skjønner det som står i boken, så vil andre også skjønne det. I tillegg har hun vært en støttespiller i utvalg av bildene.

## FRA DØD TIL OPPSTANDELSE

Hvilke av tekstene er du mest fornøyd med, Idar?

Det må bli påskedagene, fra Palmesøndag til 2.påskedag. Det er dramatikken fra død til oppstandelse. Jesu møte med

Maria ved graven og når han vandrer sammen med de to Emmausvanderne, er vel det som gir meg mest i mitt eget liv. Tårer av sorg som blir vendt til tårer av glede.

For Idar handler fasten om den indre vandringen med Jesus og disiplene. Å kunne være med dem i tankene når de forlater Cæsarea Filippi i Galilea og vandringer via Jordandalen, Jeriko og opp mot Jerusalem.

– Det er ikke nødvendigvis den synlige fasten, men en forventning til det som kommer, ettersom vi vet utfallet.

Bjørg legger til at tekstene i boka er aktuelle hele året.

– Søndagen er oppstandelsesdagen, understreker hun.

– Hva gjør dere i påskens?

– Tidligere, da ungene var yngre, var det skiferie som gjaldt. Nå er det mer hjemmepåske, på turer og sammen med barn og barnebarn.

– Den største opplevelsen av påske er langfredag, når alteret blir tømt for utstyr. Et kraftig symbol for Jesu lidelse skjærtorsdag kveld og langfredag med det tomme alteret og mørket som senker seg. Da står vi tomhendte igjen, men vi har vissheten om at han skal stå opp igjen.

– Midnattsmesse natt til påskedag har også gitt flotte opplevelser. Denne var en tradisjon i Alversund og tidligere i Meland, med mørklagt kirke ved midnatt, prosesjon med oppstandelseslys og forkynnelsen om at Kristus har stått opp, forteller de.

Idar og Bjørg har gått i Melandkyrkja i 36 år og har tenkt å bli der.

– Vi opplever stor trivsel og godt felleskap. Vi er med i en husgruppe som gir oss mye.

Bjørg trekker også frem kirkebygget som veldig pent, men ser et stort behov for en allbrukskirke sentralt på Frekhaug.

## FAKTA

### BJØRG OG IDAR SIMONSEN

- Han er aktuell med boken Faste steg.
- Hun har et stort engasjement for kunst og har blant annet laget frontbildene på Frekhaug bedehus og pinsemenigheten Betel. Hun har også vært med å utforme kirketekstilene i Meland.
- Paret har vært gift i 46 år og har fire barn og 13 barnebarn.
- Alle barna og barnebarna har de i nærheten til gjensidig glede.

Hun og Idar savner den tiden da det var søndagsskole i noen private hjem på Frekhaug, og flere barn som ikke var i kirke eller bedehus fikk tilgang til det gode arbeidet.


Idar ser unyttede ressurser i kirken som kunne avlaste prestene i prekenene. Videre savner han mer treffsikkerhet på salmer og forsangergruppe.

– **Hvor går veien videre?**

– Bjørg skal ha utstilling i Festalen på Nordhordland folkehøgskole 15. Juni. Da skal tre års arbeid med skapelsesberetningen stilles ut. Ni meter med kunst, over 40 tekstilbilder, med inspirasjon fra skapelsesberetningen. Det vil bli sang og tekstlesing som er knyttet til kunsten.

Idar vil gjerne fortsette å forkynne, om det er i tale eller med tekst. Han vil at mennesker skal vite at når skyer og mørke stunder i livet truer, så kan alle se opp til Jesus.

– Videre skal vi forsøke å bevege oss med faste steg sier de.



Idar er aktuell med boken «Faste steg», en vandring gjennom fastetiden og påskeuken.



Bjørg har et stort engasjement for kunst og har blant annet laget frontbildene på Frekhaug bedehus og pinsemenigheten Betel.

# Formidlar tru gjennom leik

Tekst: Arthur Kleiveland

Foto: Jarle Midtun

- Det er veldig kjekt å jobba med barn og unge, seier Antje Michelau-Meyn frå Tyskland. Ho jobbar med trusopplæring i Modalen, Eidslandet og Eksingedalen. I tillegg har ho 40 prosent stilling på Mo skule.

Antje legg vekt på å formidla trua gjennom leik og utan press, på ein måte som engasjerer ungane.

Kyrkjeverje Harald Farestveit omtaler henne som ein nøkkelperson når det gjeld aktivitetar og tilbod dei har for barn og unge i kyrkjelyden.

- Ho har eit godt lag med borna, seier han.

## SKULE OG BUSSJÅFØR

Trusopplæraren flytta i 2008 saman med resten av familién til Eidslandet i Vaksdal kommune då mannen Christoph fekk jobb som bussjåfør på Eidslandet. Ho fekk jobb på skulen same året, og for rundt tre år sidan sa ho også ja til jobben som trusopplærar.

Antje fortel at overgangen frå flate bygder i Nord-Tyskland til foten av Stølsheimen ikkje opplevdest så stor.

- Riktig nok er landskapet svært forskjellig, men både veret og mentaliteten er ganske lik.

## TEIKNSPRÅK

Antje kan meir enn sitt morsmål. Ho snakkar norsk nærest som ein innfødd og er svært habil i fleire språk, mellom anna teiknspråk.

Ho har alltid likt å synga og har vore med i ulike kor sidan ho var elleve år. No er ho med i «Kilden» i Vaksdal. Ho spelar også tverrfløyte, til stor glede mellom anna for kyrkjefolket under gudstenesta på Eidsland. På fritida finn ho fram strikketøyet eller legg ut på ein joggetur. I sommarhalvåret tar Antje seg gjerne ein tur til fjells.

## LÆRARUTDANNING

Ho har ei utdanning frå heimlandet som i norsk versjon vert ei form for førskulelærar med spesialpedagogisk utdanning - også for vaksne. Der jobba ho på ein barneheim i 12 år. Etter at ho kom til Norge og hadde jobba nokre år som vikar i skulen, gjekk ho i gang med lærarutdanning på NLA Høgskulen i Bergen. Då jobben som trusopplærar i Mo sokn vart lyst ut, vart ho tilsett i 40 prosent stilling.

## TATT GODT IMOT

Ho fortel at familien er blitt tatt godt i mot både i lokalmil-

jøet og i kyrkjelyden.

Familien Michelau-Meyn omfattar også to barn på 10 og 13 år og bidreg positivt til elevtalet på Mo skule. Dei fleste som deltar i trusopplæringa er elevar frå 1.-9. klasse på denne skulen.

Eidslands-bygda har lenge opplevd nedgang i folketetalet. Til dømes er skulen nedlagt, og i periodar har dei vore utan butikk. Eidsland Grendalag har jobba for å få nye folk til bygda og har lukkast bra med dette. Christoph er leiar i Eidsland Grendalag og styrar på nyestablerte Eidsland nærbutikk. Antje har engasjert seg i ei rekke trivselsskapande tiltak i bygda.



Antje Michelau-Meyn er frå Tyskland. Ho jobbar med trusopplæring i Modalen, Eidslandet og Eksingedalen.



# Påsketankar

«HAR DU VIRKELIG IKKE HØRT DET?»

Tekst/Foto: Torbjørn Aamli

De ser ut som et spørsmålsteign. To deprimerte menn på spasertur, som treffer på en fremmed.

Denne fremmede er jo helt på jordet.

«Hva da?», spør han troskyldig. Og så får han hele leksen. Om Jesus fra Nasaret, som de trodde skulle være redningsmann for hele Israel. Men som ble dømt til døden og korsfestet. Nå er de i full forvirring. Graven hans er tom. Noen kvinner de kjenner påstår at de hadde sett et syn av engler, som sa at han lever. Men han selv har de ikke sett. Da skjer det noe underlig. Den desorienterte fremmede forklarer for dem, ut fra de gamle skriftene, at Messias måtte lide og så gå inn til sin herlighet.

De er framme, men ber like godt denne fremmede inn. Han skaper trygghet. Og når de skal spise, er det han som fører an. Han ber takkebønnen, bryter brødet og gir dem. Da er

det plutselig som øynene deres åpnes. De ser at det er Han, Mesteren, som har stått opp fra de døde. Men brått blir han usynlig for dem....

På forskjellige måter skjer dette for stadig nye mennesker. Langsomt, over år, eller plutselig aner de at Jesus er der. Han som overvant døden og tilbyr nåde for synder. Det er et mindretall som får se ham i et syn. Lang flere opplever det som disse to sa til hverandre etterpå: «Brant ikke våre hjerter i oss da han talte til oss på veien og åpnet skriftene for oss?»

Noen har lite å vise til av opplevelser. Likevel kan de se og tenke at han som de gamle skriftene varslet om, må være Guds sønn.

Å kjenne ham og ta imot ham begynner med en bønn. Kan skje fortsetter det med en påskegudstjeneste?

God påskehøytid! La Jesus få være med, enten det er i påskefjellet, eller i kirken!

Ps. Bibelhistorien ovenfor er fra Lukasevangeliet, kapittel 24. Hva med å lese hele påskefortellingen hos Lukas? DS.

# Eit merkeår for Den norske kyrkja

Tekst/foto: Bjørn Moe

2017 er eit merkeår i historia til Den norske kyrkja. Som ein konsekvens av grunnlovsendringane frå 2012 er Den norske kyrkja frå og med 1. januar 2017 eit sjølvstendig trussamfunn og eige rettssubjekt med Kyrkjemøtet som øvste organ.

## HELD FRAM SOM NO

Prestar, biskopar, tilsette ved bispedømmeråd og dei nasjonalkyrklege råda har vore embets- og statstenestemenn fram til 1. januar 2017. Alle desse, omkring 1600 tilsette, er frå og med 1. januar overført til det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja. Men alt samband er ikkje brote:

Den norske kyrkja er skriven inn i grunnlova i paragraf 16:  
«Den norske kirke, en evangelisk-luthersk kirke, blir Norges folkekirke og understøttes som sådan av staten.»

I praksis held finansieringa av kyrka fram som no, med eit statleg tilskot sentralt og kommunale løvingar lokalt.

## KALLET VERT VIDAREFØRT

Men det viktigaste er nok dette:

Kallet til kyrkja og kyrkja si oppgåve overfor folk og land vert

vidareført. Kyrkja skal framleis fylla oppgåva som Noregs folkekyrkje. Endringane i grunnlova i 2012 og overdraging av verksemد fra 1. januar 2017 endrar vilkåra for Den norske kyrkja. Men verksemda til kyrkja og det lokale kyrklege nærværet vert ikkje endra.

Folk flest vil nok ha merka lite til den endringa som skjedde frå nyttår av. Dei som har merka det er sjølvsagt alle dei som til dagleg arbeidar i Kyrkjerådet i Oslo og dei tilsette ved dei ulike bispedømekontora.

## 500 ÅR SIDAN LUTHER

I år er 500 år sidan Martin Luther formulerte sine 95 tesar mot avlatshandelen, noko som vart starten på reformasjonen og førte til omfattande endringar i kyrkje og samfunnsliv. Reformasjonsjubileet vert markert på mange måtar i kyrkjene i løpet av 2017 og gjev høve til fornøyde merksemder om det sentrale i kristen tru.



Ole Marton Ølberg  
Sokneprest i Lindås. 32 år



Geir Sørebø  
Prost i Nordhordland. 68 år

– Kva tenkjer du om å ikkje lenger vere tilsett av staten?

**OLE:** – Å være ansatt i staten har gitt en viss trygghet. Som mer selvstendig trossamfunn vil kirkja møte krevende utfordringer framover, men det hadde vi nok gjort uansett. Vi har flinke folk i organisasjonen, og ikke minst i menighetene. Jeg velger å være positiv.

**GEIR:** – Stat og kyrkje burde skiljast. Det er ein anakronisme at eit trussamfunn skal styrast av statlege organ.

– Korleis har du merka omlegginga?

**OLE:** – Det har mest vært administrative endringer, og

de har stort sett vært overkomelige. Vi har også markert omleggingen på en fin måte i kollegafellesskapet i bispedømmet. Den daglige tjenesten fortsetter stort sett som før. Mitt prestekall har ikke blitt omlagt.

**GEIR:** – Der er ingen endringar i sjølve arbeidsoppgåvene til prestane, men nye rutinar og administrative verktøy er tekne i bruk.

– Trur du folk som går i kyrkja har lagt merke til endringane?

**OLE:** – Vi har hatt saken oppe, men uten de store refleksjonene. Hvis kirkekaffen er en liten temperaturmåler her, så har dette i liten grad

påvirket kirkefolketa.

**GEIR:** – Fram til i dag trur eg at medlemmane i kyrkja har merka mindre endringar.

– Vil omlegginga bety noko for korleis folk ser på kyrkja?

**OLE:** – Jeg håper at dette over tid kan gi et større engasjement og eierskap til aktivitetene og gudstjenestelivet i kirkelydene. Igjen, jeg velger å være positiv.

**GEIR:** – Det er nok ulike syn på dette. Nokre fryktar ein smalare og trongare kyrkje. Andre ser det som positivt at kyrkja er herre i eige hus.

# Kulturkalender

*22. april*

## **KL. 16.00 – KNARVIK KYRKJE**

Konsert med Bjarte Leithaug og barnekor i Alversund og Knarvik: SingOut, SingSingeling, Solstrålen, Knøttekoret, Knarvik barnegospel, Tusenfryd, Ostereide Soul Children og Lindås Soul Children. Billettar: 100/50. Førehandssal gjennom barnekoala som deltek, elles ved inngang.

*23. april*

## **KL. 19.00 – KNARVIK KYRKJE**

Dugnadskonsert. Hjelmås mannskor, Alversund kammerkor, Claus Sellevoll, Jørn Skauge (piano), Ingvild Fagna (orgel), Astrid Aarhus Byrknes (song) og Leif Sleire (piano), Jazzgruppe (piano, trombone, bass), Knarvik skulekorps og Knarvik Gospel. Det vert høve til å gje ei gave til innreiinga av kjellareta-sjen i kyrkja, både ved inngangen før konserten og ved utgan-gen etter konserten. Arr.: Alversund sokneråd

*2. mai*

## **KL. 20.00 – NORDGARDSLØA, FREKHAUG**

Felix Vocalis inviterer til korkafe.

*25. mai*

## **KL. 17.00 – OSTEREIDET KYRKJE**

Te Deum markerer 10 års jubileet med ein jubileumskonsert. Det vert samling i underetasjen etter konserten med bevertning.

*8. juni*

## **KL. 19.00 - KNARVIK KYRKJE**

Lindås kulturskule inviterer til Prisvinnarkonsert. Her deltek prisvinnarkandidatane og førre års prisvinnar. Etter konser-tten og kunngjeringa av årets prisvinnar vert det servert mat og drikke.

*10. juni*

## **KL. 20.30 - KNARVIK KYRKJE**

Bergen Nord Kammerkor inviterer til konserten Vakre Songar under leiing av dirigent Bjørn Berentsen og pianist Vidar Eldholm. Billettsal: Billett.service.no, Gullsmed Nyhammer, Knarvik Senter, Arna og Åsane kulturkontor og ved inngangen.

*11. juni*

## **KL. 19.00 - KNARVIK KYRKJE**

Klassisk festkonsert. Frode Skag Storheim, pianist og organist, vil saman med eit kammerorkester framføre klaverkonsert nr. 24 i c-moll av W. A. Mozart og musikk av Grieg, Debussy, Franck og Brahms. Storheim er også konferansier og vil binde konserten saman med gode historier og lun humor.  
Billettar: 300/100 (studentar og kulturskuleelevar)

*Nordhordland Begravelsesbyrå AS*



**GRAVFERDSBYRÅ FOR HEILE NORDHORDLAND**

Havnevegen 31, 5918 Frekhaug / Idrettsvegen 1, 5936 Manger

**ME GÅR SAMAN MED DEG HEILE VEGEN,  
PLANLEGGING-BLOMAR-GRAVSTEIN**

**Tlf. 56 37 14 10**

post@nordh-bb.no · www.nordh-bb.no

Avd.Vaksdal: Ann-Elin M.Gullbrå

Tlf. 56 99 25 70



## Oppskrift

av Kristin Nåmdal

Eg vart så glad for å bli spurta om eg hadde ei oppskrift eg ville dele med dykk i Kyrkjebladet. Det eg likar aller best er å lage mat, bake og planlegge gode måltid. Difor var det vanskeleg å velje. Det er eigentleg brød som er min spesialitet, men der bruker eg ikkje oppskrift, men lager på slumpr... Denne banankaka har følgt familién sidan eg lærte å lage den på skulekjøkken på 80-talet. No er den vorte favoritten til mine ungar og passer fint i ei høgtid som påsken.



# Verdens beste (og mektigaste) banankake

### Ingredienser

2 og ein halv kopp sukker  
2 egg  
1 kopp smelta smør  
3 moste bananer  
3 koppar kveitemjøl  
2 ts. bakepulver  
1 ts natron  
Halv vaniljestang eller 1 ts. vaniljesukker

Fyll  
3 dl krem og tre moste bananer

Topping/glasur  
200 g. mandler og 200 g. hasselnøtter og 4 spiseskeier sukker

### Framgangsmåte

Lag eggedosis, skrap ut frø frå vaniljestang ta det i røra, bland saman øvrige ingrediens - rør lett. Ha i skiftevis smør og mjøl. Ha røra i rundform og steik på 180-190 grader i ca. 60 min.  
(sjekk om kaka er ferdig med ein kakepinne). Avkjøl kaka. Del den i to og fyll med piska krem iblanda 3 moste bananer.

### Karamelliserte nøtter

Hasselnøtter og mandler ristes gylne i ei tørr panne. Ha i ca. fire spiseskeier sukker. Senk temperaturen noko. Sukkeret begynner då å smelte. Sørg for at nøttene blandar seg godt med sukkeret. Rist panna for at sukkeret skal fordele seg rundt nøttene. Ta panna av plata før nøttene blir for brune. Fordel dei over kaka.

# Songglede for dei aller minste

Tekst: Maria Sæle

Foto: Maria Sæle og Arve Kjell Uthaug

Det er tysdag føremiddag, og vaffellukta er ikkje til å ta feil av i det eg går opp trappa mot Møteplassen på Frekhaug torg. Rett innanfor døra står Eva Kristin Dale Wessman og Helga Stokke og ynskjer velkommen til babysong. Litt lengre inn i rommet gjer småbarnsforeldre og babyar seg klare til songstund.

Eva Kristin, barnearbeidar i Meland kyrkjelyd, leier songen med hjelp av gitaren. "Du er så fin og eg bryr meg om deg, ingen er så fin som du på heile jorda"

Til nokre av songane deler ho ut rangler og rytmeinstrument som passar i handa til ein baby. Foreldra sit med borna foran seg, som ligg på matter på golvet. Ikkje alle syng med, sjølv om Eva seier at mor eller far si stemme er den vakkreste for borna, uansett stemme. Songane er enkle, men vakre, i alle høve når ein ser kva respons dei små gjev gjennom smil og gode lydar.

Ro, ro, ro din båt er på songlista i dag. Medan gruppa syng, held foreldra eit flagrande blått stoff som flagrar over ungane som ligg på mattene. Augo til dei minste lyg ikkje; det er tydeleg at dei let seg fascinere!

Etter kvart har både store og små dansa seg gjennom babydans og sngleikar.

Songstunda er ferdig, men det er ingen som kavar seg ut døra. Nokre babyar må skiftast på, andre matast. Ein av babyane har sove seg gjennom heile songstunda. Det er tid for leik og prat og ein kaffikopp for dei vaksne.

Helga Stokke, nyleg pensjonist, er frivillig medarbeidar i kyrkjelyden og hjelper til med kaffikoking og vaffelsteiking på babysongen.



Dei minste let seg fascinere av eit flagrande blått stoff.

## FAKTA

### BABYSONG PÅ FREKHAUG

- Meland kyrkjelyd arrangerer småbarnstreff kvar tysdag frå kl. 1100-1300, for alle barn mellom 0-2 år med foreldre.
- Ein startar treffet med babysong, som varer ca. ein halvtime. Etterpå er det tid for vaflar, kaffe og prat – om dei kvardagslege tinga, dei vanskelege tinga og dei kjekke!
- På Møteplassen er det masse leikar som barna kan leike med, saman med foreldra og med kvarandre.

### POPULÆRT TILBOD

Kvar veke kjem i snitt 12-13 born mellom 0-2 år på babysong, og berre i fjor var rundt 50 ulike barn med foreldre innom. Tilboden er gratis og ope for alle. Både mødre og fedre er velkomne. Ein treng ikkje ha kristen bakgrunn eller tru for å delta, men ein syng både tradisjonelle og kristne barnesongar i songstunda som uttrykkjer kristne verdiar som nestekjærleik, menneske si uendelege verdi og at vi har ein kjærleg Gud.

Anne Kjersti Erikstein, med sonen Oliver (10 månader), fortel at ho høyrd om babysongen på helsestasjonen på Frekhaug. Ho har nytta tilboden etter nyttår ilag med sonen og deltok også då ho var heime i permisjon med nummer to i barneflokken.

– Det er godt å kome seg ut og treffen andre når ein er heime i permisjon. Det er kjekt for Oliver når han kjenner att songane frå gong til gong, seier ho.

### BABYGUDSTENESTE

Det er ikkje berre songstund for babyar i Meland. 29. januar 2017 arrangerte kyrkjelyden den første Sprell Levande Gudsteneste med babysong.

Fleire av songane frå småbarnstreffet blei sunge på gudstene sta, og borna frå Løvegjengen (søndagsskulen i kyrkja) deltok i tekstlesing, preike, som forsongarar og solistar. Det vart ei fin gudsteneste som vi vil arbeide med å vidareutvikle, fortel Eva.

Eg takkar for meg, medan foreldre og born tek med seg gulpeklutar og stellevesker heimover. Babysongen er helt klart songglede for dei minste, men smila til dei vaksne fortel meg og at dette er til glede for dei vaksne og.



Edvin Dolve Moen var eit av borna som deltok på babygudstenesta.

# Kort nytt frå kyrkjeverja

## NY STILLING MED GODT KJENT TILSETT

Anne Marit Fosse Dahle har takka ja til tilbodet om stillinga som 80% trusopplærar og tek til for fullt i mai. Anne Marit har dei siste åra arbeidd hjå oss som barnearbeidar og som vikar for trusopplærar, så ho er godt kjent i kyrkjelyden. Ho bur på Frekhaug med familien. Frå i haust har ho vore trusopplærar i Lindås.

## KYRKJE/KULTURBYGG PÅ FREKHAUG

I haust vedtok kommunestyret å setje av pengar i økonomiplanen til planlegging og bygging av kyrkle/kulturbygge på Frekhaug. Formannskapet har etter nyttår 2017 sett ned ei arbeidsgruppe, med representantar frå kommune og kyrkje. Innan starten av april skal dei levere svar på ei rekke spørsmål til behov, innhald, eigarskap, samarbeid, finansiering og driftsform.

## NYTT FELLESRÅD FRÅ 2020.

Samanslåinga av kommunane Lindås, Radøy og Meland får også store følgjer for Den norske kyrkja i området. Tre fellesråd skal bli til eitt, mange får ny arbeidsgjevar i det nye fellesrådet og ein må forhalde seg til ein kommune.

## ØKONOMISKE VANSKAR

Meland sokneråd såg ved budsjettet at det måtte nedskjæringer til for å styre unna eit stort meirforbruk (underskot) komande år. Det er utsett tilsetting i 20% av trusopplærarstilling. Det er ikkje rom for å vidareføre husgruppekoordinatorstillinga frå sommaren av, om ikkje det kjem nye inntekter. Og det er nødvendig å bruke avsette midlar for å få nok ressursar til gravferdsadministrasjonen. Soknerådet sender tydelege signal både til kommune og bispedømeråd om vanskane ein er kome i. Ein har ikkje fått tilstrekkelege tilskot til nødvendig auke i stillingar på grunn av folketalsauke. Dermed har kyrkjelyden sjølv måtte ta ansvar. No byrjar det å bli vel krevjande å klare. Samtidig oppmoder soknerådet kyrkjelyden til å slutte opp om fast gjevarteneste. Meir informasjon om gjevartenesta finn du på nettsida.

## MOMSPLIKT PÅ TENESTER PÅ GRAVPLASSEN

Frå slutten av 2016 vart Meland sokn momspliktige. Det betyr at det må leggast 25% mva på alle tenester som vi yter som forretningsdrift: stell av grav, oppretting og montering av gravstein, opning av grav for avdøde frå andre kommunar. Informasjon om dei nye prisane ligg på nettsida.

Nettside-adresse: [www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

# Påske – den viktigaste høgtida

Tekst: Torbjørn Aamli

Vel møtt i Meland kyrkje i påska. Få med deg «den rauden tråden» i påska, og særpreget til dei ulike dagane:

## FAMILIEGUDSTENESTE PÅ PALMESUNDAG,

der vi følgjer Jesus med Hosianna-rop og palmegreinar ridande på eit esel inn i Jerusalem.

## KVELDGSUDSTENESTA PÅ SKJÆRTORSDAG KVELD,

då vi minnest at Jesus innstifta nattverden, og vaska føtene på læresveinane under avskilsmåltidet. Etter gudstenesta blir lysa sløkte. Alt blir teke bort frå altaret, og vi førebur temaet for langfredagsgudstenesta:

## PÅ LANGFREDAG ER DET PASJONSGUDSTENESTE,

ei enkel gudsteneste med song og skriftlesing, og ein kort tale. Då følgjer vi Jesus på lidingsvegen, frå bønekampen i Getsemehagen, via Judas sitt svik, Peter si fornekting, arrest og forhør, og så via Dolorosa, den tunge vegen opp til Golgatahøg-

da, for å bli krossfest. Midt i dette mørkret, finst ei strime av lys: Han gjorde det for oss!

Og denne strima av lys er det som brått skin sterke og sterke: Han som ikkje ein gong døden kunne halde fast står opp! Den store gleda faldar seg ut i lovesong og glede under

## HØGTIDSGUDSTENESTA PÅ PÅSKEDAG:

Deg være ære, Herre over dødens makt! Der syng vi nokre av dei fantastiske påskesongane våre.

Søndag etter påske skal vi ha «Påskesprell», ei gudsteneste for - og med born, og vaksne.

Kom og ver med du og, på så mange gudstenester som mogleg. Lev deg inn i påskedramaet enno ein gong, og la denne strofa synge i deg: «Jesus vann, og eg har vunne!»

# Livetsgang

## DØYPTE

### Meland kyrkje

20.11.16 Martine Haugland Fuglevand  
 20.11.16 Tuva Husebø  
 20.11.16 Vanessa Haaland Losnegard  
 20.11.16 Filip Hesjedal Rossland  
 11.12.16 Frederick Karsten Drengenes  
 11.12.16 Elizabeth Luz Drengenes Huayta  
 11.12.16 Benjamin Eikehaug Kaupang  
 18.12.2016 Storm Thoresen  
 08.01.17 Julian Granbakk-Husebø  
 08.01.17 Nora Ulvund Strandenes  
 15.01.17 Trym Njaastad Aasen  
 15.01.17 Gabriel Systaddal-Johansen  
 29.01.17 Elina Førland Herstad  
 12.02.17 Sebastian Liteskare Bernales  
 12.02.17 Veronica Maria Røttingen  
 12.02.17 Fredrik Gabrielsen Skjelanger

### Alversund kyrkje

27.11.16 Saga Reinholdtsen Helgesen

### Manger kyrkje

29.01.17 Thea-Nathalie Storheim Jordal

### Arna kyrkje

19.02.17 Viktor Blindheim

## DØDE

### Meland kyrkje

14.12.16 Frode Monsen (16.07.1953 -19.11.2016)  
 09.12.2016 Anders Ørbeck Lomheim (12.11.1921-02.12.2016)  
 20.12.2016 Sylvia Svanhild Dale (14.07.1926-06.12.2016)  
 30.12.2016 Henry Melkeraaen (11.09.1922- 18.12.2016)  
 03.02.2017 Kjellaug Inger Maria Gaustad (03.12.1931-27.01.2017)  
 16.02.2017 Britt Dale (31.10.1968-06.02.2017)  
 17.02.2017 Margrethe Ovidia Kårbo (03.02.1936-09.02.2017)

### Arna kyrkje

06.01.2017 Margit Rosvold (25.05.1924-30.12.2016)

## VIGDE

### Meland kyrkje

29.01.16 Elisabeth Fallon og Lars Helge Boge


## BØKER om 100- og 150-årsjubiléet for Meland kyrkje

Tekst: Arnt Brakstad.

Eg har av og til fått spørsmål om det er råd å få tak i boka som vart laga i samband med 100-årsjubiléet for Meland kyrkje i 1966. No har Meland kyrkjekontor ca 90 eksemplar til sals for kr 100,- per bok.

Sidan 1966 har det lagt ein del uinnbundne bøker som ein no har fått laga nytt omslag på. Boka inneheld ein del lokal kyrkjesoge frå ca år 1300 med omtale av dei tre kyrkjene på Meland. I tillegg er det mellom anna omtale av ein del tilsette og og namn på tillitsvalde.

Dersom nokon vil kjøpa både denne boka og jubileumsboka frå 150-årsjubiléet, kan ein få begge to for kr 250,-. Den nyaste boka frå 150-årsjubileet i fjor kostar kr 180.



## Hageland

Søderstrøm Blomster og Hagesenter AS  
 Lyngvegen 1, 5914 Isdalstø  
 tlf. +47 56 35 17 65  
 mobil +47 926 08 647

## MELAND ELEKTRO

AUTORISERT ELEKTORENTREPENØR

Mjåtveitflaten 45, 5918 Frekhaug

post@melanedelektro.no

## SparebankenVest

REGION NORDHORDLAND

*Alt i rørleggerarbeid. Nybygg og reparasjoner*

**SKARSVÅG**  
Rør og Interiør as

VVS butikk på Holme  
 Tlf. 56 17 07 10 • Mobil 92 44 56 57 • E-post bjoemks@online.no

**Meland Auto AS**  
 Autorisert bilverkstad  
[www.melandauto.no](http://www.melandauto.no)

**ALT I CATERING**

NORDHORDLAND FOLKEHØGSKULE  
[www.cateringen.com](http://www.cateringen.com) • tlf. 56 17 43 23

# GUDSTJENSTE -KALENDER



9. april  
Palmesøndag  
kl. 11.00 v/ Aamlil  
Dåp og nattverd  
Familiegudsteneste

13. april  
Skjærtorsdag  
kl. 19.30 v/ Moe  
Nattverd

14. april  
Langfredag  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Film for borna. Hitland taler

16. april  
Påskedag  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Nattverd. Film for borna

23. april  
2. s. i påsketida  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Nattverd. Påskesprell  
Årsmøte etter gudst.

30. april  
3. s. i påsketida  
kl. 11.00 v/ Moe  
Dåp og nattverd. Løvegjengen  
Søndagsåpent

7. mai  
4. s. i påsketida  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Nattverd. Bålsamling.

14. mai  
5. s. i påsketida  
kl. 11.00 v/ Moe  
Dåp og nattverd. Løvegjengen.

17. mai  
kl. 12.00 v/ Aamli  
Familiegudsteneste

21. mai  
6. s. i påsketida  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Dåp og nattverd. Løvegjengen.

25. mai - **HÅØYTOPPEN**  
Kristi Himmelfartsdag  
kl. 12.00 v/ Aamli

28. mai  
Søndag før pinse  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Dåp og nattverd. Løvegjengen.

4. juni  
Pinsedag  
kl. 11.00 v/ Moe  
Dåp og nattverd.

11. juni  
Treeiningssøndag  
kl. 11.00 v/ Aamli  
Samtalegudst.

Foto av Meland Kyrkje: Morten Sæle

## Kontakt Meland kyrkjelyd

[www.melandkyrkja.no](http://www.melandkyrkja.no)

Adresse: Postboks 117, 5906  
Frekhaug  
Telefon: 56171480  
Epost: post@melandkyrkja.no

Besøksadresse kontor og Møteplas-  
sen: Havnevegen 31, (2 etasje over  
apoteket) Frekhaug

Treffetid: Mandag, onsdag, fredag  
12.00-15.00

Rådhusresepasjonen kan også for-  
midle kontakt: 56171000

Kontakttelefon ved krise: 95483874

Kontonummer: 3632 07 04019  
Vipps: Meland kyrkje eller 54016

Kyrkjeverje Anne Sofie  
Nergård Uthaug  
56171485 anne.uthaug@meland-  
kyrkja.no

Seniorprest Bjørn Moe  
56171487 bjorn.moe@melandkyr-  
kja.no

Sokneprest Torbjørn Aamli  
56171484 torbjorn.aamli@meland-  
kyrkja.no

Diakon med ungdomsfokus  
Ruben Sæle  
56171488 ruben.saele@meland-  
kyrkja.no

Kyrkjelydsmusikar Trond  
Fykse  
56171483 trond.fykse@gmail.com

Barnearbeidar Eva Kristin Dale  
Wessman

95730733 eva.dale.wessman@  
melandkyrkja.no

Husgruppekoordinator Stine  
Karin Sæle  
47640809 stine.saele@melandkyr-  
kja.no

Konsulent Linda Gripsgård  
Lunga  
56171480 linda.lunga@melandkyr-  
kja.no

Kyrkjetenar Junji Furukawa  
46797567 junjif@sky.plala.or.JP

Soknerådsleiar Regine Sag-  
stad Berg  
99324460 reginesagstad@gmail.  
com